Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 170 | Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Straumsnes

Emne: Fra robåt og seil til motor | Bygdelag.

Oppskr. av: Johanna Grimstad | Gard: Grimstad, Vaartun

(adresse): Grimstadhøgda | G.nr. 28 Br.nr. 21-22

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Min far var bonde, og rodde fiske i yngre år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Peder J. Tveekrum, 83 år. Bonde og fisker. Anton Farstad - 70 år Bonde fabrikeigar-fisker

SVAR

1 Straumsnes herred ligg som ytterste forpost på Tingvollhalvöya ca 1 ½ mil frå Kristiansund N.
Fellesnamn for båttypene som vart brúka, var "geitbåter"; "færinger" med 2 par årer, "trirøing" med 3 par årer, "fir-røing" med 4 par årer, "femrøing" med fem par årer. Dei første vart brukt til heimefiske med snöre, etter sei og all slags fisk, og linefiske etter lange og brosme.
Med tri- og firrøingen dreiv de fiske lenger borna, - ved fiskevær Grip utafor Kristiansund.
Det var brukt snöre etter skreia utpå vårparten, til påskehelga, og vart det fiskevær etter påske var det alltid Grip som var samleplassen, - og tildels Smöla.
Det var for det meste husmenn som var hövedsmenn på desse båtene. Husmenn, bygselbruk, var det under kvart gardsbruk den tia. Fisken måtte dei

16508

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


1 selja til varreigarn, - han som åtte fiskevaret.
På femröingen dreiv de fiske med line etter skreia, utafor Grip og Smöla. - Vanleg var det 5-6 mann på desse båtene, som alle hadde "Rå-segl." Det var og brukt "6 og 8-ringer", Seksring" forkorting for, röing", "ottring".
Gjeitbåten" hadde "råsegl" og årer. Seglet var festa" på ein tverrliggande bom oppe i masta. Desse båtene var svært sjögående; men ikkje så godt egna for å krysse opp i motvind. På seglet var det fest taugstykker, korte taugendar som vart kalla hankar". Desse knytte dei, og löyste opp for å minke eller forstörre seglet. Hankene var fest på kvar side av seglet, og måtte dei minke segl", knytte dei desse saman etter kvart som seglet vart reva" o.m. Det var å reva" segl. Vart vinden "spakare", löyste dei på desse igjen, og seglet vart större. Det vart brukt vidje" til hammelband", fint snodd björkerenning som var skrapa for bark på fire sider", ca 1.20-1.50 m. lang." Det måtte vera med i båten store henker med vidjeband, dei skulle også brukast til å tra opp" fiskefangsten på".
Det vart og såkalla, Gris-båter" som kom seinare; "råseglar

16508

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



dit også, ved sia av roing. Dei var ikkje i sjøen og fine seglarar. — Så kom „Jopstringen" eller sprengd-båten. Den hadde ein bom som stakk litt framom båten, stevnen. Denne bommen bar eit segl, fokka, som gjorde dit mulig å krysse lettare opp mot vinden. „Råa" vart no festa i ein „kavle" på masta, slike at den kunne snuast på, etter på kva kant vinden kom. Den var fest etter eine enden, ikkje som med på seglet, midt på. Då denne båttypen kom, vart den sers godt omtykt, og Gjeitbåten vart sett på sona avlego. Ved dit skiftet hende dit at kokkegjentene i fiskevara samla seg ute på oddene og mekra til gjeitbåten når den kom siglande etter, inn på fiskefeldet. — Ved snørefiske var dei oftast 3 mann sterk: Hövedsmann, 2 - lott - kara eller 1 lotta-kar og 1 halvlottaskar. Den yngste brukte årain, dei to eldste fiska.

Ved linefiske var dei oftast fem mann, - vanleg fem-röing. Når avgjerd skulle takast, bar dit dei eldste som förte ordet. Hövedsmann vår fast, år etter år, - elles kunne dit skifte på med mannskapet. Dett var ofte at bonden, gardbrukaren, sendte drengen. Det var

16508

1 da på førehand avtala om slövrelsen på lott og halvlott. Gardbrukaren heldt da alltid maten for desse. Snörefiskaren sette garn for 1 ile til agn. Andre fiskarar kjöpte agn i legen.
Maten alle hadde med, kva slags fiske dei dreiv, var til grautmjöl-Havremjöl, ein Skjördall (tykkmjölke) flatbröd av havre samanlagt fire gonger, - lena-bröd, spekeflesk og kjöt, rug-bröd, potet. Maten var i ei "bomme", ovalformet kiste med hankar. Koktmaten var fisk og potet; og til avveksling "potet og fisk". - såre enkelt kosthald. "Suppa var jamt havregryns", og så var det brukt ein god del "skin-kavring" - rugkavring, attåt flatbrödet på dei et par meterhöge flatbrödstablene frå stabburet heime. "Skjört" kunne bli bra surt når det "lei på våren, tettesskjör" var det bedre til å halda seg. - Det vart nytta rorbuer ute i vaeret. Desse hadde eit rom oftast, der skulle mannskapet koka maten, eta den og sova i brisker som var slått opp på veggen. Eit mannskap på 6-8 mann hadde alltid med seg kvinne til kokk, - mannfolka måtte på ein eller annan måten delta i fisket, om han ikkje skulle reknast for ein svekling eller skulkar. Kokken sov i same rom som dei andre. Det var vanleg med 20,- kr for ein slik kokkejobb, som varde i

16508

12 veker. - dette ca. århundre skifte.
Hygienen var under enhver beskrivelse.
Arbeidskleda vart og törka i same
rom, det vart slyfta på golvet
eller der det fall seg, og lufta
derimot var stinn. Tuberkulosen
florerte, og vart aldri opdaga, før
det var for seint.

13-dagshelga (6 januar)
samlast båtlaga "på legrå" som
oftast. - Under "skrei fisket, rodde
dei om det var vindstilla, to-tre
mil ut til feltet, - like langt heim
igjen. Dei tok til kl 4 om morgonen,
og før fisken var flekt og salta
vart klokka 23-24, før dei kom til
köys". På feltet var det handkrafta
til trekking, enten det var garn
eller line. Hövedsmannen
ved roret, - 1 mann passa "pryarn"
pinnen som segla var fest i, i
båtsia. Fremste tofta på ein gjeitbåt
kallast "kompå". På denne
sat første-"styrmann": - Den sterkaste
- glöggaste under segling, påliteleg i
utkikken, - kort sagt, styrken
og intelligensen var placert der,
og det var ei stor ære å få den
plassen. - Hövedsmannen som
hadde roret, sat på atterste tofta.
1 mann sat ved bordauskaret, om
båten tok inn sjö. Ellest måtte
kvar mann som var med lystre
minste ordre, serleg under hard-segling.
Hövedsmannen var ein sjölstyrd mann.
det sette store krav til i aktpakelse
og årvime, som etterkvart vart

16598

1 utvikla til det utrulege. Kart og
kompass var ukjende i bruk.
Merker i fjella måtte innøvast for
kvar fiske som vart utsett. Etter
mange år i yrket kunne dei bli
gode i "varvadlinga" og spara tid på denne måten.
Overtru var det nøgda av, serleg
når ein mann var "feig". Ein
som hadde "tova"-gjort seg god tid
med å sjå om ditt og datt heime
før han drog ut, han såg dødfor
svøte gong. Ungguten måtte
ut i fjortenårsalderen for å egne
line for fiskaren. Til vanleg måtte
dei "egne" 2000 angler pr. dag, om
lina var aldri så floket måtte
ungguten stå i utover natta
til den var ferdigegna, om det
var aldri så kalt." Det ble da
å "halde varmen i fingrane med
å slå floke", slenge armane i
kryss så de klask på ligen rygg.
Løna for dette egnearbeidet var dårleg
som ei oppmuntring
fekk dei med i fine lenka 100 angler
line som dei sjølv beholdt fisken
av. Utbyttet av fisket vart
delt oftast slik: Dei som åtte
ein part av samla fiskereiskape
og deltok i fisket med ein mann
fikk 1 lott. Dei som ikkje hadde
reiskape - 1/2 lott og vart da nemt
halv-lottas-kar." Så vart det
rekna ein eller fleire lottar på
båten, etter som den hadde verdi

16598

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



som driftsmiddel. Etter endt
sesong, vart det så klareginag eller
oppgjer innan båtlaget. Det vart
då fellesstue til lugar, og da var
det at skårungen (ungguten)
som hörte laget til, og som ikkje
hadde vore i lugen för, skulle „hanse"
rive i öll, til dei andre.
Nemninga „Hansing" er truleg frå Hanse-
atertia" – „med Bergenstue" for
förste gong for ungguten, med
fiskelasten. — I styggvars-
perioder samlast fiskarane i ei bu
og det vart da prat og diskusjon
om alt mellom himmel og jord
og vel så det. – Vikingen" og
„Fyri Hans" var ynda lesestoff, –
muntrasjon som sårt trengs
i eit slikt miljö. Etter slike
sammenkomster fikk kokka ekstra-
jobb med reingjöring.
Det vart heilt som eit stor-framsteg
når garnspillet kom fiskarane
til hjelp, straks för århundreskiftet,
sjölom det måtte sveivast med
handkraft. Ein Nordlands-
fiskar fikk ideen til denne
nyttige innretninga. – Etter
at havregrauten var eten om
kvelden stod det att på bordet
tre stykker runde melkeboller.
Han vart sittande og sjå på
desse, og ved å legge dei på
bordet mot kvarandre, fann
han löysinga, som letta arbeidet

16508

I i mange år framover. - Garna eller nøta var dei fleire om å eiga, og dei batt kvar sin del av denne. Ellest var det einkvann laus̊karen og husmanna som batt garn og nøter.

II Litt etter 1900 kom dei første motorane. I samband med dette stordende må ein danske, Jörgensen, narmast eit teknisk geni, som starta Gideon Motorfabrikk i Molde, nemnast. Han bygde små firetakts motorer som slog godt an. Dei synte seg å vera svært stabile og handterlige etter den tia sin målestokk. Fabrikken sendte med motoren ein montör, som sörga for å få motoren plasert i rol og segl båter. Desse var ikkje bygt for motor, men dei vart forandra, serleg forsterka i bakstavnen. Medan montören heldt på med dette arbeidet, samla det seg mange interesserte fiskarar. Den som hadde den lysaste hjerne og litt teknisk innsikt, tok takksamt over köyringa og passinga av motoren. Det gjekk oftast bra, og denne mannen vart sett högt, ein rettelig betydningsfull person ved sia av hövdsmannen. Det kunne vere adskillig skepsis

16598

når motoren gjorde sitt inntog.
Dei fykta for at støyen frå motoren
og propellen ville forjelante seg
med til fisken og skræma han
vekk. Etter kvart vart det stilt
om dette, det var så mange andre
fordeler ved det nye.
Etter kvart kom også to-taktsmotoren.
Dei var meir reinslege, hadde
mindre vekt i forhold til heste-
krefter, samanlikna med fire-
taktsmotor. Dei hadde og så
lettare svinghjul, som igjen ga
kvikkare akselerasjon og retard-
sjon. Detta var store fordeler
under manøvrering på fiske-
feltet. Det vart lenge nytta
segl om breidd med motoren.
Utover 1920 åra vart det bygt
større båter for motor, og segla
kom meir i bakgrunnen. Det
var den tia at mindre båtar med
dei nemnte firetaktsmotorar vart
solgt innover fjordene og tente
der som transportbåter i lokal-
trafikken.
Agenter forekom ikkje på bygdene.
John Grimsmo, eigar av Rena
Bruk, Rensvik, var seljar av
"Perfekt"-motoren, en 6 hk. benzin-
motor, ein to-taktsmotor med
elektrisk tenning. Denne vart
nytta i ekspressfarten, og var
"perfekt" så lenge den fanns fa-
gott å gå. Elles var den

16508

II mykje ufperfekt, – den stoppa helst framfor eit forland i storm. Denne motoren var oftast ein-mannsanskaffelse for "første-verdenskrigs-pengar".

Innkjøp av motor i større fiskefarty vart for det meste finansiert på den måten, at lotthavarane i eit båtlag stilte seg som selvskyldnarkausjon ved lån i bank.

III Fordelen ved dette nye var og at det trongs mindre mannskap. Båtane vart kortare og breiare, bar såleis meir, skita hell inga mast. Ein kom fram om det var motvind, når motoren var der. Litt etter kvart vart fleire, kanskje alle av mannskapet motorkyndige. Interessa for det nye var stor. Utnamn forekom ikkje her.

Den første som hadde motorbåt her i bygda var gardbr. Ola Kaksrud, han nytta den til lysturane sine. Så vidt eg kjenner til hadde han ikkje vore utom bygda.

Det vart slutt med at kvinner var med som kokker. Yngste mann var kokk.

Det kom også "ledning" kraftransmisjon frå motoren til garnspelet, dette vart eit stort framsteg som alle fiskarar gledde seg over.

Fisken vart enten tørka av fiskarane sjølve til klippfisk, eller den

16508

vart solgt i fersk tilstand til oppkjöparar i fiskevaeret. Det kunne vera så som så med rettferda ved denne handelen, det var ingen organisasjoner til å ta seg av dette.
Idag kan vel ingen tenkje seg å vera motoren forutan. Den blir brukt til, og gjer så mange slags arbeid lettare på sjö og land.
Gamle og eldre folk minnest med hugnad segltida. Mang ein bragd vart omtala i lange tider og kasta glans over eit slitsamt yrke, og utövaren.

16508